

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr.05/16

Dato: 06.12.2016 kl. 13.00- 15.15

Stad: Kommunehuset, videokonferanserommet

Til stades:

Knut H. Nomeland, leiar
Gyro K. Uppstad
Kjell Ove Tveiten
Edvin Brottveit (for Kent M. Lund)
Knut J. Hommen (for Ann Christin Jakob)

Kent M. Lund og Ann Christin Jacob hadde forfall

Dessutan møtte:

Rådmann Eivind Berg (orientering)
Revisor Maren Stapnes
Revisor Michelle Fiveland
Revisor Tommy Pytten
Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen

Det var ingen merknader til innkalling og sakslista.

SAKSLISTE:

SAK 11/16 NUMMERERT BREV NR. 2 FRÅ REVISOR

SAK 12/16 ÅRSPLAN FOR 2017

SAK 13/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

SAK 14/16 TILSKOTSFORVALTNINGA I VALLE KOMMUNE - RAPPORT

Orientering:

Rådmannen var invitert for å orientere om arbeidet med årsrekneskapen for 2016

Referatsaker:

R 13/16 Protokoll frå representantskapet i Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

R 14/16 Referat frå representantskapsmøte i Agder Kommunerevisjon IKS

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Fast post: Revisor orienterer

Eventuelt

Valle, 06.12 2016

Godkjenning av møteboka:

Knut H. Nomeland Kjell Ove Tveiten Gyro K. Uppstad

Edvin Brottveit Knut J. Homme

Utskrift vert sendt til: Kontrollutvalets medlemmer og varamedlemmer, ordfører, rådmann, revisor, Gunn Marith Homme og Setesdølen

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Møtebok 6. desember 2016

Valle kontrollutval

SAK 11/16 NUMMERERT BREV NR. 2 FRÅ REVISOR

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet finn det naudsynt å gjere kommunestyret merksam på dei tilhøva som kjem fram i nummerert brev nr. 2 frå revisor. Det er kommunestyret som har mynde til å be rådmannen setje i verk naudsynte tiltak for at rekneskapen vert laupande oppdatert i framtida.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 11/16 NUMMERERT BREV NR. 2 FRÅ REVISOR

Vedlegg:

- Nummerert brev nr. 62 frå revisor, datert 5.11.2015
- Nummerert brev frå revisor, datert 8.11.2016

Saka gjeld:

Kontrollutvalet har motteke nummerert brev, datert 8.11.2016 frå revisor kor det går fram at det er avdekka at rekneskapen ikkje er laupande oppdatert. I brevet syner revisjonen til at rutine for bankavstemming ikkje fungerer tilfredsstillande.

Vidare peiker revisjonen på at det tyder på at det er inntektsført kr 2.875.857 for lite i sjukepengar i rekneskapen for 2016. Det er inntektsført sjukepengar med kr 877.643 pr. 18.10.2016, medan det er motteke kr 3.753.500 i sjukepengar frå NAV for 2016.

På denne bakgrunn vert det stilt spørsmål om tertialrapporteringa. Revisjonen seier at:» det ikkje kan sjåast bort i frå at denne rapporteringa inneheld vesentlege avvik og kan gi grunnlag for feil styringsinformasjon».

Dei same forholda vart teken opp frå revisor i nummerert brev nr. 62, datert 5. november 2015, jfr. sak 05/16 i kontrollutvalet.

Til dette brevet svara økonomisjefen slik:

«Svar på brev nr. 62 frå revisjonen.

Dei to punkta som er ført opp har samanheng. Innbetalte sjukepengar etter juni 2015 var oppført på bankavstemming og var ikkje inntektsført i rekneskapen då brevet nr. 62 kom. No er vi ajour pr. oktober 2015. Sjukemeldingar til NAV er sendt fortløpande, og det er berre inntektsføringa som har eit etterslep. Vi skal få ordna opp i dette i samband med rekneskapsavslutninga. Vi held framleis på med opplæring på handtering av sjukepengar. Tora Rysstad Haugen som slutta på løn i juni skal gå gjennom det som står att av sjukepengar saman med Anne Berit Haugen Solheim, som tok over lønsarbeidet frå juli 2015. Det har vore mykje å sette seg inn i for ho og prioritet ein har vore at dei tilsette skulle få rett løn til rett tid, og A-melding.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Ved tertialrapporteringa har avdelingsleiarar blitt informert om at det er etterslep på inntektsføring av sjukepengar, slik at dei kan take omsyn til det i sine kommentarar.

Ein kan ikkje sjå at vi har etterslep i høve omsetningsoppgåver og kompensasjonsoppgåver. Det blir bokført og remittert tilviste bilag fortløpande.»

Kontrollutvalet gjorde i sak 05/16 slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tek svaret frå rådmannen v/ økonomisjefen til etterretning.»

Vurdering:

Det syner seg at rutinar for bankavstemming og rutinar for bokføring og avstemming/oppfølging av sjukepengar ikkje fungerer tilfredsstillande, sjølv om det har blitt gjort merksam på dette frå revisjonen over eit år attende i tid.

Det er ein viktig føresetnad for ei tilfredsstillande rekneskapsføring i medhald av lov og forskrift at rekneskapen er laupande oppdatert.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet finn det naudsynt å gjere kommunestyret merksam på dei tilhøva som kjem fram i nummerert brev nr. 2 frå revisor. Det er kommunestyret som har mynde til å be rådmannen setje i verk naudsynte tiltak for at rekneskapen vert laupande oppdatert i framtida.

SAK 12/16 ÅRSPLAN FOR 2017

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsplan for 2017.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 12/16 ÅRSPLAN FOR 2017

Vedlegg:

- Framlegg til årsplan for 2017.

Sekretariatet har laga eit framlegg til årsplan. Ein gjer framlegg om 5 møter i 2017.

Det kan verta aktuelt å endre på datoar, fordi m.a. tidspunkt for handsaming av årsrekneskapen for kommunen er usikker. Ein vil be utvalet sine medlemmer om å kome med innspel på orienteringar, informasjon osv. som er ynskjeleg i 2017.

Framlegg til vedtak:

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Kontrollutvalet vedtek årsplan for 2017.

Årsplan for kontrollutvalet 2017

1. Mål for kontrollutvalet si verksemd

Kontrollutvalet ønsker å bidra på sitt felt til at den kommunale verksemd drives på ein best mulig måte. Målsettinga for kontrollutvalet som kommunestyret sitt kontrollorgan, er å være ein aktiv og truverdig samarbeidspartner. Kontrollutvalet ønsker å ha god kontakt med både kommunestyret og det politiske miljø, samt med kommunens administrasjon.

2. Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt organ for kontroll og tilsyn med forvaltninga, jf. kommunelovens § 77. Oppgåvene er nærare regulert i forskrift om kontrollutval av 1. juli 2004.

Kontrollutvalet har blant anna følgjande oppgåver:

- Sjå etter at kommunens regnskap vært revidert på ein trygg og forsvarleg måte
- Sjå etter at det vært gjennomført forvaltningsrevisjon og gje fullmakt til kommunerevisjonen om å gjennomføre forvaltningsrevisjon innanfor tildelte budsjettammer
- Sjå etter at det vært gjennomført selskapskontroll
- Kontrollutvalet skal rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevje ein kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og å gjera dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

3. Møteplan

Dato	Saker til handsaming (førebels oversikt)
Torsdag 26.01.2017	<ul style="list-style-type: none">• Årsmelding 2016• Undersøkelse vedr. gnr. 50, bnr. 6 – Omklassifisering av areal• Tinging av forvaltningsrevisjon• Aktuelle saker
Torsdag 04.05.2017	<ul style="list-style-type: none">• Kommunerekneskapen for 2015 - uttale• Årsrekneskapen for Øyne Industribygg Valle KF- uttale• Aktuelle saker
Torsdag 08.06.2017	<ul style="list-style-type: none">• Aktuelle saker
Torsdag 28.09.2017	<ul style="list-style-type: none">• Budsjett for Kontroll og Tilsyn for 2018• Forvaltningsrevisjonsrapport• Aktuelle saker

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Torsdag 23.11.2017	<ul style="list-style-type: none">• Aktuelle saker

4. Kurs og konferansar

Kontrollutvalskonferanse NKRF 1.-2. februar 2017.

SAK 13/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde «Plan for forvaltningsrevisjon for Valle kommune 2016-2019.»

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 13/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg:

- Framlegg til ”Plan for forvaltningsrevisjon for Valle kommune 2016-2019”
- Overordna analyse Valle kommune frå Agder Kommunerevisjon IKS
- Framlegg frå revisjonen om områder for forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar har bestemmingar om at det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal utarbeidast minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.

Planen skal bygge på ei overordna analyse av kommunens si verksemd ut frå ei vurdering av risiko og kva som er vesentleg.. Plan for forvaltningsrevisjon skal vedtas av kommunestyret.

Formelt grunnlag:

Forvaltningsrevisjon er definert i Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 kor det heiter:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens og fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

virksomheter ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).”

Kontrollutvalet gjorde i møte 24. november 2015 vedtak om å be Setesdal Revisjonsdistrikt IKS/Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ei Overordna analyse som skulle gje grunnlag for Plan for forvaltningsrevisjon.

I framlegget til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 for Valle kommune er desse områda/prosjekt for forvaltningsrevisjon prioritert:

- **Styring og internkontroll (Overordnet)**
- **Sørge for tjenester i henhold til helse- og omsorgstjenesteloven og gjeldende forskrifter (Helse og omsorg)**
- **Inkluderende læringsmiljø (Skole og barnehage)**
- **Barneverntjenester (Barnevern)**

Kontrollutvalet vil i løpet av planperioden prøve å få gjennomført flest mulig prosjekt innfor dei budsjetttrammer som vert gjeven av kommunestyret.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde «Plan for forvaltningsrevisjon for Valle kommune 2016-2019.»

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

SAK 14/16 TILSKOTSFORVALTNINGA I VALLE KOMMUNE – RAPPORT

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunestyret gjer slikt vedtak:

- 1. Rapporten vert teken til etterretning.**
- 2. Rådmannen syter for at dei tilrådingane som kjem fram i rapporten vart gjennomført snarast råd og seinast innan 1.11.2017.**
- 3. Rådmannen held kontrollutvalet laupande orientera etter kvart som arbeidet skrid fram.**

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 14/16 TILSKOTSFORVALTNINGA I VALLE KOMMUNE - RAPPORT

Vedlegg:

- Rapport Tilskuddsforvaltning i Valle kommune, mottatt 29.11.2016

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet mottok to brev frå Bjørgulv N. Berg, datert 11.10 og 14.10 2015, kor han peiker på fleire tilhøve kor han meiner at det har vore brot på kommunale regelverk i samband med handsaming av tilskot til ymse tiltak i kommunen.

Kontrollutvalet handsama desse breva i møte 26. januar 2016, og gjorde vedtak om å be Agder Kommunerevisjon IKS om å legge fram ein prosjektplan til vurdering som grunnlag for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt.

I kontrollutvalsmøte 17. mars 2016 vart det lagt fram slik prosjektplan, og utvalet gjorde då vedtak om å be Agder kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ei undersøking innanfor tilskotsforvaltninga i Valle kommune. Ein ynskte ei undersøking av desse tilhøva:

- *Er det utarbeidet eintydige kriterier/vilkår for tildeling av tilskot innanfor dei ulike tilskotsordningane?*
- *Blir sentrale krav i forvaltningsloven etterlevd i forbindelse med saksbehandling og vedtak, blant anna kva angår informasjon i vedtak til tilskotsmottakarar?*
- *I kor stor grad er det etablert rutinar for å kontrollere sentrale punkter i søknadene?*
- *Er søknadene tilstrekkelig dokumentert og etterprøvbare?*
- *I kor stor grad er det etablert rutinar for å krevje tilbakebetaling av tilskot dersom rapportering viser at tilskotet ikkje er brukt i samsvar med føresetnaden for vedtak.*

Kort samandrag av rapporten

Som metode for utarbeiding av rapporten har revisjonen nytta dokumentanalyse og intervjuar. Det er lagt til grunn desse revisjonskriteria:

- Kommuneloven
- Forvaltningsloven
- Forskrift om offentleg arkiv
- Allmenn forvaltningsrett
- Tilskotreglar for bustadbygging
- Reglar om stønad til landbruket

Desse kriteria gjev grunnlag for å vurdere om det føreligg avvik eller svakheter på dei tilhøva som vert sett på i prosjektet.

Undersøkinga (rapporten) syner ei rekke svakheiter med tilskotsforvaltninga i Valle kommune. Manglande internkontroll, stor grad av skjønsmessige vurderingar og mangelfull praksis for dokumentering og arkivering pregar sakshandsaminga og fører med seg at formelle krav i lovgjevinga ikkje vert oppfylt.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Ut frå dei funna som er gjort, tilrår revisjonen at kommunen set i verk ei rekkje tiltak knytt til tilskotsforvaltninga.

Desse tilrådingane er:

- «1. Utarbeide et internkontrollsystem bestående av skriftlige retningslinjer, rutinebeskrivelser, sjekklister og andre kontrolltiltak som bidrar til å sikre blant annet
 - a. Etterlevelse av sentrale krav i forvaltningsloven, kommuneloven og forskrift om offentlig arkiv
 - b. At kriterier og retningslinjer for den enkelt tilskuddsordning blir fulgt i forbindelse med saksbehandlingen
2. Formaliserer krav til kvalitetssikring i forbindelse med saksbehandlingen og utarbeider hensiktsmessige verktøy til dette formålet
3. Gjennomfører og dokumenterer systematiske risikovurderinger og iverksetter nødvendige tiltak for å redusere uønskede risikoer
4. Innfører tydeligere ledelsesoppfølging»

Rapporten er lagt fram for rådmannen, og han har ingen kommentarar til innhaldet.

Ei syner til rapporten for nærare opplysningar.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunestyret gjer slikt vedtak:

4. Rapporten vert teken til etterretning.
5. Rådmannen syter for at dei tilrådingane som kjem fram i rapporten vart gjennomført snarast råd og seinast innan 1.11.2017.
6. Rådmannen held kontrollutvalet laupande orientera etter kvart som arbeidet skrid fram.

Orientering

Rådmannen orienterte om arbeidet med årsrekneskapen for 2016

Referatsaker

Desse sakene vart referert og teken til orientering:

R 13/16 Protokoll frå representantskapet i Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

R 14/16 Referat frå møte i representantskapet i Agder Kommunerevisjon IKS

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Fast post: Revisor orienterar

Revisor orientera om gjennomført kvalitetskontroll frå NKRF

Eventuelt

Invitasjon til Kontrollutvalskonferansen 2017 vert send til medlemmane i kontrollutvalet, som seier frå til leiar om dei har ynskje om å delta på konferansen.